

Årsrapport 2020/2021

Arbeidsutvalet ved Studentparlamentet OsloMet - Storbyuniversitetet



2	Innhald	
3	1.0 Innleiing	5
4	2.0 Overlapp og planlegging	5
5	2.1 Overlapp	5
6	2.2 Teambuilding	5
7	2.3 Planlegging av vårsemesteret	5
8	2.4 Overlapp med påtroppande AU	6
9	3.0 Arrangement og konferansar	6
10	3.1 Pride	6
11	3.4 Berekraftsveka	6
12	3.5 Seminar med meritterte undervisarar	6
13	3.4 Tillitsvaldkonferansen	7
14	3.5 Kaffetid	7
15	4.0 Studiestart	7
16	4.1 Utdeling av møblar	7
17	4.2 Synlegheit i studiestartperioden	7
18	4.3 Fadderveka	8
19	4.4 Velkomstseremoni	8
20	5.0 Eigne arrangement	8
21	5.1 Seminar	8
22	5.2 Frokost med SP under vinterfest	9
23	5.3 Zoommerfest	9
24	5.4 Endringsforslagskurs	9
25	5.5 Vinterseminar	9
26	5.6 SASSUM-Komiteen	9
27	6.0 Media	10
28	6.1 NRK	10
29	6.2 VG	10
30	6.3 Dagens Næringsliv	11
31	6.4 Dagbladet	11
32	6.5 Klassekampen	12
33	6.6 Khrono, tassen og journalen	12
34	6.7 Dassavisa	12

35	6.8 Sosiale media	13
36	6.9 Nettsida	13
37	7.0 Økonomi	13
38	7.1 2020	13
39	7.2 2021	14
40	8.0 Politikk	14
41	8.1 Politiske dokument	14
42	8.1.1 Politisk dokument om Utdanning	14
43	8.1.2 Studentanes krav til campus Romerike	14
44	8.1.3 Politisk dokument om Berekraft og Miljø	15
45	8.1.4 Politisk dokument om internasjonalisering	15
46	8.2 Resolusjonar	15
47	8.3 Høyrings svar	16
48	8.3.1 Høyring frå Kunnskapsdepartementet	16
49	8.4 Pandemi	17
50	8.4.1 Parlamentsmøter	17
51	8.4.2 Kontoret.....	17
52	8.4.3 Effekt på studentar	18
53	8.5 Andre sakar det siste året	18
54	8.5.1 Prisar	18
55	8.5.2 Campus Romerike.....	18
56	8.5.3 Juks	19
57	8.5.4 Kamerabruk i undervisning.....	19
58	8.5.5 Ekstraordinær SHoT-undersøkelse	19
59	9.0 Samarbeid	20
60	9.1 VT	20
61	9.1.1 Delegasjonsmøter i Velferdstinget	20
62	Val og supplering til Velferdstinget	21
63	9.1.2 Studenthovudstaden	21
64	9.2 NSO	21
65	9.2.1 Generelt	21
66	9.2.2 Landsmøter	22
67	9.2.3 Leiarsamlingar	22
68	9.3 RLM og Rektors leiargruppe	23
69	10.0 Studentdemokrati	23
70	10.1 Klassetillitsvalde.....	23
71	10.2 Studentråd	23
72	10.3 Studentenes fakultetsråd	24
73	10.4 Studentparlamentet	24
74	10.5 Val	25
75	10.5.1 Studentparlamentsval	25

76	10.5.2 Valmøte	25
77	11.0 Møter.....	25
78	11.2 Eksterne møter	25
79	11.2.1 Samarbeid med US-representantar	25
80	11.2.2 Utdanningsutvalet (UU).....	26
81	11.2.3 Fag og utviklingsutvalet (FoU)	26
82	11.2.4 Senter for Velferd- og arbeidslivsforskning (SVA)	26
83	11.2.5 Læringsmiljøutvalet (LMU)	26
84	11.2.6 Bærekraftsrådet.....	26
85	11.2.7 Berekraftig komité (BK)	27
86	11.2.8 Grønt OsloMet	27
87	11.2.9 Signaturemner	27
88	11.2.10 Møter med kunnskapsdepartementet	27
89	11.3 Interne møter	28
90	11.3.1 AU-møter	28
91	11.3.2 Måndagsmøter og morgonprat	28
92	12.0 Rapport på handlingsplan 2020/2021	28
93	Kapittel 1: Studentdemokratiet	29
94	1.1 Informasjonsflyt.....	29
95	1.2 Tillitsvalde	30
96	1.3 Tilsette	31
97	Kapittel 2: Berekraft	31
98	2.1 Synlegheit	31
99	2.2 Klima og miljø	32
100	Kapittel 3: Utdanning, fag og forskning	32
101	3.1 Forsking og utvikling	32
102	3.2 Utdanning	33
103	3.3 Praksis	35
104	Kapittel 4: Læringsmiljø og mangfald	36
105	4.1 Campusutforming	36
106	4.2 Studentvelferd	37
107	4.3 Mangfald.....	37
108	4.4 Læringsmiljø	38
109	5.0 Dokumenter	39
110	13.0 Vedlegg.....	40
111	13.1 SP-medlem og interne utval	40
112	13.2 Val og oppnemningar gjort av SP	45
113	13.3 Saksoversikt SP 20/21	48
114	13.4 Medielogg	50
115		

116 1.0 Innleiing

117 Kwart år skal AU legge fram ein årsrapport for SP som inneheld ei oversikt over aktiviteten i
118 SP og AU sidan 1. juli føregåande år (her perioden 1. juli 2020-30. juni 2021) Rapporten tek
119 utgangspunkt i SP OsloMet sitt daglege arbeid.

120 SP OsloMet, ved AU, sitt daglege arbeid tek baserer seg i organisasjonens styringsdokument,
121 her vedtekter, forretningsorden, prinsippprogram, handlingsplan og øvrig politikk.
122 Handlingsplan og forretningsorden skal etter organisasjonens vedtekter vedtakast på fyrste
123 ordinære SP-møte kvart haustsemester. Handlingsplanen har òg blitt revidert under
124 vårsemesterets fyrste ordinære møte.

125 I år har AU satt opp handlingsplanen med ein del generelle punkt og nokre meir spesifikke,
126 alt sortert i kapittel. Oppsettet er ganske likt som førre år, med eit par små endringar.

127 2.0 Overlapp og planlegging

128 2.1 Overlapp

129 Grunna smittesituasjonen sommaren 2020 vart det ikkje mogeleg å ha ordinær overlapp. AU
130 og konsulentane brukte likevel eit par dagar samla på campus for å legge dei store linjene for
131 året. Her laga me årshjul, la grunnarbeidet for handlingsplanen og blei kjende med
132 arbeidsplassen og kvarandre. AU brukte òg ein del tid på bli-kjend-aktivitetar, for å bygge
133 band i laget.

134

135 2.2 Teambuilding

136 Historisk har påtroppande AU og konsulentar drege på overlappstur for å bli betre kjende
137 med kvarandre og planlegge det kommande året. Grunna den pågåande pandemien vart
138 ikkje det mogeleg i år. For å arbeide rundt desse restriksjonane, valde AU å heller bruke tid
139 på dagaktivitetar, her ein tur til klatrepark og middag for å bli meir komfortable med
140 kvarandre. AU fekk likevel høve til å reise på ei hytte i Hafjell i oktober, der ein arbeida med
141 politisk dokument om utdanning (PDU), utdanning, læringsmiljø og haustsemesteret.

142 I etterkant ser ein viktigheita av denne typen aktivitetar når ein skal arbeide tett saman. På
143 heimekontor sit ein åleine bak skjermen, og det kan være vanskeleg å forstå seg på andre
144 sine kommunikasjonsstilar, her misforståingar skjer hyppig. Verdien av å bli godt kjende med
145 kvarandre i starten av perioden er då umålbar.

146

147 2.3 Planlegging av vårsemesteret

148 I desember 2020 hadde AU og konsulentane digital planleggingsdag, der dei store linjene for
149 vårsemesteret vart lagd. Her reviderte ein stillingsbeskrivingane, årshjulet, laga forslag til
150 parlamentsmøtedatoar for det kommande semesteret og evaluerte arbeidet i det
151 føregåande.

152

153 2.4 Overlapp med påtroppande AU

154 Mot slutten av perioden har AU hatt overlapp med påtroppande AU-medlem. Individuell
155 overlapp vart planlagt og utført av det enkelte AU-medlem, medan felles var eit samarbeid
156 mellom alle. Under individuell overlapp gjekk ein over den enkelte sin vervsbeskriving,
157 korleis ein arbeidsdag går føre seg, samarbeidspartnarar, politisk innverknad, arkivsystem,
158 mediebruk mfl. Felles overlapp vart utført fysisk på campus 9. juni. Her gjekk ein over
159 arbeidsbeskrivingar, større saker som kjem opp i løpet av året samt diverse tips og
160 oppfordringar til dei som troppar på.

161

162 3.0 Arrangement og konferansar

163 Då smittesituasjonen har vore slik den har vore i regionen, har det vore nærast umogeleg å
164 ha fysiske arrangement på campus det siste året. Gjennom året har ein prøvd å skape liv i
165 studentmassa og parlamentets befolkning gjennom digitale og smittevernsvenlege
166 arrangement.

167

168 3.1 Pride

169 SP plar vera sterkt medverkande i OsloMet si markering av pride-månaden. Vanlegvis
170 involverer dette standverksemd, fysiske arrangement og delteking i Pride-paraden. I 2020
171 vart dette diverre umogeleg å gjennomføre grunna smittesituasjon, og SPs deltaking vart
172 redusert til ein video saman med prorektor Nina Waaler.

173

174 3.4 Berekraftsveka

175 Berekraftsveka vart arrangert for fyrste gong i 2020 i regi av seniorrådgjevar i FoU Elin
176 Wyller. Veka var eit samarbeid mellom FoU-avdelinga, SK-avdelinga, studentliskoordinator
177 og Studentparlamentet. I løpet av veka vart det haldt workshoppar, føredrag, paneldebattar
178 og diskusjonsarenaar alle med fokus på berekraft.

179 Studentparlamentets bidrog i alle delar av planlegging, utføring og evaluering av
180 arrangementa gjennom FPA. I tillegg til dette deltok LMA som ordstyrar under ein
181 paneldebatt og leiar som både ordstyrar og paneldeltakar i to debattar.

182

183 3.5 Seminar med meritterte undervisarar

184 På vårsemesteret var FPA deltakande i samarbeidet om auking av digital kompetanse blant
185 undervisarar og nytenking rundt eksamensformar. Dette arbeidet var eit samarbeid mellom

186 kollegiet for meritterte undervisarar og SP, og kulminera i to seminar. Målgruppa for desse
187 var i hovudsak tilsette, men det gjekk ut ei oppmoding om deltaking til studentar i forkant.

188

189 3.4 Tillitsvaldkonferansen

190 Tillitsvaldkonferansen er ein opplæringskonferanse for tillitsvalde på klassenivå som hender i
191 starten av haustsemesteret kvart år. Grunna smittevernomsyn vart det slutta å dele
192 konferansen opp langs fakultet, det vart med dette arrangert fire konferansar på campus i
193 2020.

194 Arrangementa var ein kombinasjon av førehandsinnspela videoar og fysiske presentasjonar
195 med fokus på informasjon om ressursar tillitsvalde har tilgjengeleg for seg samt oppbygginga
196 av studentdemokratiet og OsloMet som organisasjon. Etter positive tilbakemeldingar på det
197 fakultetsinndela formatet er det slutta å gå for ei lik løysing under neste
198 tillitsvaldkonferanse.

199

200 3.5 Kaffetid

201 Kaffetid er eit arrangement i regi av studentprest som vart starta hausten 2020. Kaffetid har
202 hendt fast kvar torsdag gjennom pandemien, i dei tider campus var ope. Studentparlamentet
203 deltok kvar veke på haustsemesteret og sporadisk gjennom vårsemesteret.

204 AU meiner kaffetid er eit veldig godt tiltak for å synleggjere tenestar som er tilgjengelege for
205 studentane, her studentprest, -ombud, -parlament og -assistentar. Arrangementa har
206 bidrege til å gjere campus meir levande i ei vanskeleg tid.

207

208 4.0 Studiestart

209 4.1 Utdeling av møblar

210 SP fekk informasjon om ei mogeleg lagertømming ved OsloMet, her gamle møblar skulle
211 kastast. Ein avtala då med avdeling for eigedom at møblane kunne gjevast til studentar
212 under studiestart heller enn å kastast.

213 4.2 Synlegheit i studiestartperioden

214 SP brukte studiestart som verktøy for å synleggjere arbeidet og tjenestane våre. Under
215 studiestart stod AU på stand utanfor P52 i tillegg til å væra del av fadderrebusen. I
216 fadderrebusen vart det haldt frisbeekonkurranse med parlamentsmerch i gevinst.

217

218 4.3 Fadderveka

219 SP vart invitert av fadderkoordinator til å halde tale under kick-off for fadrar i 2020. Leiar
220 skulle eigentleg ta ansvar for dette, men grunna mistenkt sjukdom trådde nestleiar inn i
221 leiars stad. Nestleiar haldt tale om vekta av å sjå alle rundt seg i fadderveka. I talen fokuserte
222 han på å fjerne drikkepress og å inkludere alle fadrar og fadderungar i aktivitetane. Spesielt
223 la han trykk på kor vanskeleg det er å starte på eit nytt studie, og å ta vare på kvarandre i ein
224 sårbar periode. Smittevern vart òg røra ved.

225 AU var òg med på faddervaktordninga i fadderveka. Her stod ein på Karl Johan og tok vare på
226 dei som vandra rundt. Ein dela òg ut mat og (alkoholfri) drikke til dei som gjekk forbi.

227

228 4.4 Velkomstsereemoni

229 Tradisjon tru deltok AU på OsloMets velkomstsereemoni. I 2020 var denne strømmen live frå
230 taket til P46. Her haldt leiar tale til nye studentar. Talen til leiar fokusera på kor vanskeleg
231 det er å starte på eit nytt studie og motet som skal til for å nå ut til medstudentar. Spesielt la
232 ho trykk på å nå ut til kvarandre, uansett kor skummelt det kan verke.

233

234 5.0 Eigne arrangement

235 5.1 Seminar

236 Grunna smittesituasjonen vart det berre mogeleg å arrangere eit dagsseminar for
237 parlamentsmedlem hausten 2020. Dette seminaret har historisk vore opplæringsarena for
238 nye medlem som vart supplera inn under allmøta på fakulteta den føregåande våren.

239 I 2020 henda seminaret i starten av oktober, og innehaldt diskusjonsrunde om utdanning og
240 bibliotek samt innspelsrundar til dei to politiske dokumenta som skulle reviderast. Det vart
241 òg lagt stort fokus på sosiale aktivitetar for å bygge band mellom deltakarane.

242 Vinterseminaret er historisk ei anledning til å la eit heilt nytt Studentparlament til å bli betre
243 kjende med kvarandre og institusjonen. Dette hender typisk på eit hotell utanfor Oslo over ei
244 heil helg. Ved starten av vårsemesteret var smittesituasjonen nasjonalt kritisk. Dette ramma
245 spesielt Oslo og regionen rundt, og leia til heilstenging av campus, ingen unntak frå digital
246 undervisning, store vanskar med praksis og ingen høve til å ha fysisk vinterseminar.

247 Vinterseminaret i 2021 vart då haldt digitalt og gjekk berre over ein dag. Programmet handla
248 stort sett om basiskunnskapane ein treng for å skjønne seg på studentpolitikk,
249 debattskolering på ulike nivå

250

251 5.2 Frokost med SP under vinterfest

252 I samband med Vinterfest ved OsloMet, deltok Parlamentet på frukostkaffi. Dette var eit
253 lågterskel digitalt arrangement som henda to gongar i veka over ein lengre periode.
254 Intensjonen med dette var å gje deltakarane ein fin start på dagen i ei tid der Oslo var heilt
255 nedstengt. Vinterfest var planlagt av studentlivskoordinator Beate Dessingtho og inkludera
256 arrangement med OsloMet Gaming, OsloMet IL, OsloMet Lacrosse, føredrag frå NSO om å
257 hjelpe vener som slit, skrivekafé med UB-Studieverkstaden m.fl. Frukostkaffi vart vidareført i
258 form av kaffetid og fredagskaffe på Kjeller etter enda prosjekt.

259

260 5.3 Zoommerfest

261 For å markere slutt på studieåret sendte AU og konsulentar ut ei gåvepakke til
262 parlamentsmedlem. Denne inkluderte materiell til ei mysterieoppgåve som vart annonsert
263 på zoommerfesten. Parlamentsmedlemma fekk i oppgåve å lage ein hatt.

264

265 5.4 Endringsforslagskurs

266 Det ble i starten av vårsemesteret og ny studentparlamentsperiode uttrykt eit behov frå
267 parlamentet om kurs i korleis å skrive endringsforslag. Kurset blei gjennomført av LMA over
268 to timar mellom møtepapir og parlamentsmøte p2. Kurset hadde som mål å gje både nye og
269 gamle parlamentsmedlemmar tryggleik og grunnlag for å levere endringsforslag til
270 sakspapira. AU anbefaler å tilby eit tilsvarende kurs på vårsemesteret neste år også, da det
271 tilsynelatande hadde god effekt.

272

273 5.5 Vinterseminar

274 Vinterseminar blei for første gang gjennomført digitalt. Seminaret blei avholdt på Zoom over
275 ein dag, med hovedfokus på opplæring og relasjonsbygging. I tillegg til informasjon om kva
276 Studentparlamentet er og korleis studentdemokratiet fungerer, fekk Valgkomiteen og
277 Universitetsstyrerepresentantane presentere seg sjølve og sine verv. Utover dette var det
278 ein bolk om vurderingsformer og debattskolering. Det heile blei avslutta med speeddating
279 saman med VK, der alle som ønska det fekk moglegheita til å prate med VK.

280

281 5.6 SASSUM-Komiteen

282 På haustsemesteret vart det bestemt at SP kulle etablere ein eigen komite som skulle ha
283 ansvar for å arrangere sosiale samankomstar utanfor møtetid for parlamentsmedlem.
284 Komiteen skulle opprinneleg vedtas på P720, men måtte utsettast til neste semester grunna
285 mangel på tid. Saka kom igjen opp på P221. Komiteen har gjennom siste del av
286 vårsemesteret stått ansvarlege for fleire arrangement. I tråd med mandatet sitt skulle
287 SASSUM internkonstituere ein komitéleiar, dette vart ikkje gjort før utgangen av juni 2021.

288 SASSUM har arrangera quiz, påskekrim, spelkveldar og andre digitale treff med låg terskel
289 for deltaking dei siste månadane. SASSUM, ved leiar Lovise Meyer, vurderer arbeidet gjort av
290 komiteen som godt og strukturert, og held i meininga om at SASSUM bør halde fram
291 arbeidet sitt med revidert mandat i haustsemesteret. Dette er ein konklusjon AU stiller seg
292 bak.

293

294 6.0 Media

295 Det siste året har studentane fått mykje merksemd i media, på godt og vondt.
296 Studentstemma har fått større plass enn nokon gong som resultat av dårlig digital
297 undervisning, ekstraordinær SHoT-undersøking, studentøkonomi og pandemien generelt. AU
298 har prøvd så godt me kunne å ta imot alle førespurnadar frå media som har komme, og sjølv
299 arbeida for å ta plass i dei sakane som stod på dagsorden. Komplette liste over medieoppslag
300 finst i vedlegg 4.

301 6.1 NRK

302 SP har vore synlege i fleire nasjonale media det siste året, fyrst i NRK i juli 2020, då leiar var
303 på Dagsrevyen for å snakke om smittevern under studiestart. Her uttrykka ho ønskje om
304 nedgang i smitte, så lite digital undervisning som mogeleg og kreativitet i den digitale
305 undervisninga. Saka var vinkla på kva reglar og forbehold OsloMet tok seg for å sikre
306 smittevernet under studiestart og starten av haustsemesteret.

307 Leiar var igjen i NRK saman med Parlamentsmedlem Åse Berg Dybvik i september, då i
308 samband med ei undersøking frå Folkehelseinstituttet som ønskja å kartlegge om
309 tilstadeværing på campus ville ha effekt på smittetal blant studentar og i samfunnet ellers.

310 SP var med på å promotere denne undersøkinga, som seinare visa at det var umogeleg å
311 konkludere med at opne campus verken auka eller senka smittenivået i studentmassen.

312

313 6.2 VG

314 Leiar har vore i fleire VG-oppslag dei siste månadane. Fyrste oppslag var i januar om
315 kamerabruk i undervisning, her mediehuset hadde fått tips om at fleire hadde blitt
316 fotografert av medstudentar utan samtykke i undervisningssamanheng. På spørsmål om
317 kamerabruk generelt haldt leiar linje på at ingen har reitt til å kreve påskrudd kamera i
318 undervisning, men at ein får meir ut av situasjonen om fleire har kamera på. Om
319 snikfotografering påpeika leiar at ein treng samtykke frå alle involverte for å ta bilete, og at
320 respekt for dei andre i undervisningssituasjonen er naudsynt for at alle skal kjenne seg
321 komfortable med å delta.

322 Leiar uttala seg igjen til VG den veka om kamerabruk i undervisning, denne gongen om
323 rettigheta til å bruke/ikkje bruke kamera under digital undervisning. Her gjentok ho

324 synspunkt frå førre sak, og fylla ut med at ein i obligatorisk undervisning er plikta til å gje
325 livsteikn, men GDPR og anna personvernslovverk gjer at ein ikkje kan pressast til å ha på
326 kamera kontinuerleg gjennom undervisninga. Eit viktig aspekt i denne saka er òg kostnaden
327 av å ha datautstyr med kamera og god nok nettverkshastigheit til å kunne strøemme
328 videofeed.

329 I april var leiar i VG og VGTV om resultata i SHoT-undersøkinga, her var viktige punkt at
330 studentar sleit meir med psykisk helse enn tidlegare. På spørsmål om korvidt dette var
331 overraskande svara leiar nei. Den synkande trenden i god psykisk helse blant studentar har
332 vore synleg i tidlegare like undersøkingar. Her kommentera ho òg på at tiltaka som
333 føreslegne av Kjøsutvalet verka gode. Desse sakane vart fulgt opp av E24, her leiar gav om
334 lag like kommentarar.

335 VG produserte den månaden fleire sakar om SHoT-undersøkinga. Det heile kulminera i ei sak
336 der studentleiarar ved OsloMet, UiO, BI og HK kommentera på kjendispsykolog Peder Kjøs
337 sine kommentarar om at studentar ikkje har det så ille som dei trur.

338 Vidare i april kom det fram at eit betydeleg del av eit masterkull ved OsloMet hadde blitt
339 merka for juks ved eksamen. Leiar kommentera på generelt grunnlag at ein så høg
340 juksprosent verkar mistenkeleg og at sektoren må sjå på korleis ein kan endre eksamensform
341 for å førebygge fusk heller enn å berre straffe dei som fuskar.

342 Vidare har leiar kommentert på den noko auka gjennomføringsgraden ved alle institusjonar.
343 Leiar er glad for auka gjennomføringsgrad, men uttrykka skepsis til at dette er ei varig
344 auking.

345

346 6.3 Dagens Næringsliv

347 Leiar vart intervjuet av DN om eksamensjuks i april. Saka vart hovudoppslag på nett og i papir
348 den dagen, og leiar her leiar nokså ironisk prega framsida. Her kommentera ho i likskap med
349 VG-saka om same tema, at ein heller bør sjå på eksamen som institusjon og vurdere andre
350 eksamensformar som gjev meir rom for refleksjon og til å vise kor godt ein kjenner faget
351 heller enn faktaspørsmål som er lett å slå opp.

352

353 6.4 Dagbladet

354 I februar gjekk studentleiarar frå Oslo og omland saman ut og kritisera den nye økonomiske
355 krisepakka til studentane og institusjonane. Institusjonane og organa som samarbeida om
356 dette var OsloMet, UiO, VT, HK, LDH, BI, NMH og NMBU.

357

358 6.5 Klassekampen

359 I samband med at landsmøtet til Arbeidarpartiet skulle ta stilling til auking av studiestønadene
360 under sitt landsmøte våren 2021, samarbeida studentleiarar ved OsloMet, UiO, VT, HK,
361 NMBU og BI om eit innlegg der ein oppmoda partiet og hennar allierte til å auke stønaden til
362 1,5G.

363

364 6.6 Khrono, tassen og journalen

365 I løpet av året har sektoravisene trykka fleire sakar og innlegg som involverer SP, her er blant
366 anna eksamensjuks, gratisprinsippet, mangfald i studentpolitikk og vurderingsformar
367 sentrale.

368 Leiar har hatt løpande dialog med studentavisene Universitas og Journalen gjennom året.
369 Her viktige sakar har vore mangfald i studentpolitikken, arbeidet studentpolitikkarar gjer og
370 opning av campus i Universitas og viktigheita av studentdemokrati i Journalen.

371

372 6.7 Dassavisa

373 Det siste året vart ansvar for dassavisas innhald delegert til nestleiar. Grunna
374 smitteutviklinga i perioden har det berre blitt hengt opp fire fysiske dassaviser, ei femte vart
375 trykka ut, men aldri hengt opp då campus stengte før det vart mogeleg. AU har i all hovudsak
376 stått for å hengje opp dei fysiske dassavisene.

377 Studentparlamentet har stått for det meste av innhaldet i dassavisene. I løpet av året har
378 avisa blant anna inneholdt informasjon om semesterregistrering, kaffetid, val, tips til
379 eksamen og promotering av SiO Foreiningar. I tillegg har Universitetsbiblioteket, OsloMet
380 Lacrosse, Norsk start, SAIH, Mensendieck, NLB og Kreftforeningen fått spalteplass.

381 Arbeidsutvalet opplev at å hengje opp dassavisa tek mye av AU si tid, samt at ei fysisk utgåve
382 av dassavisa ikkje samsvarar med SP sin politikk om redusering av papirbruk. Likevel meiner
383 AU at dassavisa er vår beste måte å nå ut til studentane på. Det er difor vår anbefaling at ein
384 fortset med fysiske dassaviser, men at talet på utgåver reduserast frå ti til sju utgåver i året.
385 Dette vil totalt sett bety at ein reduserer tal utskrifter med 1200 A3-ark og frigjer mange
386 arbeidstimar for AU.

387 Etter nedstenginga i november har fem digitale utgåver blitt gjeven ut på nettsida og
388 Facebooksida til Studentparlamentet. I snitt har desse nådd 450 personar. Om pandemien
389 held fram med å avgrense mogelegheiter for fysiske dassaviser, anbefalar AU at
390 enkeltsakane blir publisert kontinuerleg i SP sine digitale kanalar, framfor at det gjevast ut ei
391 digital dassavis.

392

393 6.8 Sosiale media

394 Gjennom perioden har SP prøvd å oppdatere det offentlege på vårt daglege virke og
395 spesielle hendingar. Sosiale media har vist seg å væra ei utfordring i eit år med utbrentheit.
396 Historisk har AU designert SoMe-ansvar til eit medlem, men dette fører med seg fleire
397 ulemper enn fordelar. Då sosiale media ikkje har særleg behov for kontinuitet, ser me det
398 som hensiktsmessig å dele dette ansvaret i kommande år.

399 Hausten 2020 fekk fire parlamentsmedelm høve til å «ta over» Intagram-kontoen til
400 Parlamentet i ein dag. Her var målet å få visa fram korleis ein studiekvardag er på ulike
401 studium, og alle deltakarar vart oppmoda til å dele sine beste koronastudenttips. AU si
402 oppfatning er at denne kampanjen gav oss både synlegheit og eit avbrekk i det typiske
403 innhaldet me legg ut.

404 I samanheng med val i SP tok alle AU-medlem over Instagram-kontoen ein dag kvar. Om
405 dette bidrog til å få inn fleire kandidatar er uklårt.

406 Det siste året har ein vald å ikkje bruke Twitter, trass i at det finst ein Twitter-konto knyta til
407 SP-OsloMet. På råd frå medieseksjonen er det leiar si meining at Twitter ikkje gjev oss mykje
408 synlegheit, men det kan væra verd eit forsøk for å nå ut til journalistar og politikarar. Twitter
409 kan då væra eit greitt verktøy hausten 2021 for å trykke oss fram under stortingsval.

410

411 6.9 Nettsida

412 Nettsida har det siste året gått gjennom to domenebyter, fyrst frå
413 blogg.hioa.no/studentparlamentet til uni.oslomet.no/studentparlamentet, deretter til
414 studentparlamentet.no. I samband med nye krav til universell utforming, har heile nettsida
415 blitt gjennomgått og oppdatert av nestleiar og organisasjonskonsulenten. Endringar har blitt
416 gjort i både design og innhald, her det har gått mykje tid til å universelt utforme og
417 republisere alle dokument. Etter anbefaling frå OsloMet, har ein teke vekk referat og
418 sakspapir som er eldre enn eitt år. Alle sakspapir og referat kan framleis fåast ved å sende
419 ein førespurnad på e-post. Etter nyttår har organisasjonskonsulenten satt av ein del tid til å
420 omsetje verktøykassen for tillitsvalde til engelsk.

421

422 7.0 Økonomi

423 7.1 2020

424 Ramma for 2020 var på 2,45 mill. SPs budsjett dekker løn til dei 4 tillitsvalde i 100% og ca.
425 550 000,- til dagleg drift og studentpolitisk aktivitet. SP har ein god og relativt førutsigbar
426 økonomi. Me budsjetterer alltid mot eit realistisk og ønskja aktivitetsnivå. Covid-19 og
427 nedstenginga av samfunnet gjor at me i lange periodar ikkje hadde andre kostnadar enn løn.
428 Me fekk arrangert vinterseminar i januar før pandemien starta og me fekk til eit

429 haustseminar som gjekk over ein dag på hotell i oktober. Utover dette vart det ingen
430 sommarfestar, julebord, lite bevering på møter, standaktivitet, kampanjar og reiseaktivitet.

431

432 7.2 2021

433 Ramma for 2021 er den same som i 2020. Pandemien har òg prega fyrste del av 2021. Me la
434 opp til meir digital aktivitet og har brukt meir pengar på bevering på digitale
435 heildagsseminar og møter i Studentparlamentet enn same tid i fjor. Dei auka kostnadane på
436 bevering er ein konsekvens av at det kostar meir å få levert mat heim på døra, enn kva det
437 kostar å bestille pizza og wraps til et fysisk møte.

438 Læringsmiljøansvarleg gjekk ut i svangerskapspermisjon i mars 2021 og sidan då har AU vore
439 ein person mindre. Det vart vurdert at det ikkje var behov for å setja inn vikar i siste del av
440 perioden, noko som medfører mindre kostnadar på løn.

441 Me håpar på meir normale tider, og høve til å arrangere både haustseminar og julebord
442 hausten 2021. Sjølv om aktiviteten skulle ta seg opp heilt eller delvis i løpet av hausten vil ein
443 nok sjå eit underforbruk ved årets slutt.

444 8.0 Politikk

445 Studentparlamentets politikk er eit omgrep som omfamnar alt av meiningsberande
446 informasjon vedteke eller ettergodkjend under parlamentsmøter av Studentparlamentet.
447 Dette kapittelet går over den vedtekne og reviderte politikken frå det siste året.

448

449 8.1 Politiske dokument

450 Politiske dokument er dokument som omtalar parlamentets politikk i større linjer. Dei
451 nærare detaljane er spesifiserte i resolusjonar. SP har vedteke tre politiske dokument i det
452 føregåande året; PDU, PDBM og PDI.

453

454 8.1.1 Politisk dokument om Utdanning

455 Politisk dokument om Utdanning (PDU) tek føre seg all politikken parlamentet har om
456 utdanning. Dokumentet vart ferdigstilla våren 2020 av førre AU, men måtte utsettast til
457 hausten grunna pandemien. Sitjande AU presenterte den føreslegne revideringa under P7 i
458 november 2020, der det vart vedteke med små endringar frå parlamentet.

459

460 8.1.2 Studentanes krav til campus Romerike

461 Grunna nytt styrevedtak pr. mars 2020 og framgangen i campusprosjektet samt eit uttrykka
462 ønskje frå SP i handlingsplanen, ønskja AU å utarbeide eigen politikk på utforminga av nytt
463 campus på Romerike. Politikken kom i form av campuslista; eit dokument på 16 punkt med

464 studentanes krav til nytt campus. Dokumentet omtalar kva studentane ønskjer av
465 velferdstilbod, utsjånad, fagleg samansetjing og informasjon m.m. Hovudansvarleg for
466 utarbeidinga av dokumentet var læringsmiljøansvarleg, med innspel frå resten av AU.

467 Campuslista vart presentert for parlamentet under P5 i 2020 og vedteke med endringar frå
468 SP.

469

470 8.1.3 Politisk dokument om Berekraft og Miljø

471 I tråd med studentparlamentets handlingsplan for 2020-2021, starta leiar revideringa av
472 Politisk dokument om berekraft og miljø (PDBM). PDBM omfattar SPs politikk om berekraft,
473 miljø og klima. Det originale dokumentet var utarbeida i 2018 av dåverande LMA.

474 Dokumentet vart sett naudsynt å revidere grunna det stadig aukande fokuset på berekraft i
475 sektoren samt noko utdatert informasjon. Det meste frå originalen vart ståande igjen, men
476 måla vart større og eit par punkt vart lagt til. FNs berekraftsmål vart fjerna til fordel for ei
477 lenkje til FNs nettsider.

478 Revideringa vart satt i gang sommaren 2020, fullført i desember 2020 og dokumentet vart
479 presentert for parlamentets godkjenning under P2 i 2021. Her vart revideringa vedteken
480 utan protest frå SP.

481

482 8.1.4 Politisk dokument om internasjonalisering

483 I tråd med handlingsplanen skulle AU gjennomføre ei revidering av politisk dokument om
484 internasjonalisering (PDI) i verketida 2020-2021. PDI omfamnar SPs politikk om
485 internasjonalisering i utdanning, internasjonale studentar, internasjonale opphald samt
486 internasjonal solidaritet og samarbeid.

487 Dokumentet hadde ikkje vore revidert sidan 2016, og var da et av de eldste politiske
488 dokumenta til Studentparlamentet. Det vart bestemt at ein skulle gjere en oppdatering av
489 politikk og ikkje ei større revidering av dokumentet. Likevel vart det lagt til ny politikk, blant
490 anna på studentars økonomiske situasjon

491 Revideringa vart starta av nestleiar og LMA våren 2021 og fullført same semester. Vidare
492 vart det presentert for godkjenning under P4 i 2021.

493

494 8.2 Resolusjonar

495 Studentparlamentet har vurdert to resolusjonar i året 2020/2021, her om master i
496 helseleing og studentøkonomi. Ein av desse var overført frå førre studieår og den andre var
497 innsendt av AU. Det er uheldig at det ikkje har komme opp fleire resolusjonar det siste året,

498 ein bør i framtida væra tydlegare på å oppfordre parlamentsmedlem og andre studentar til å
499 sende inn resolusjonar.

500 **Resolusjon om master i helseledelse – Vedteke P6**

501 Resolusjonen vart innsendt av parlamentsmedlem Otilie Martinsen frå HV-benken våren
502 2020, men måtte utsetjast grunna pandemien. Resolusjonen pliktar SP til å støtte oppretting
503 av eit masterprogram i helseleiing, eit samarbeid mellom fakultet for Helsevitenskap og
504 fakultet for Samfunnsvitenskap.

505 **Resolusjon om studentøkonomi – Vedteke P1**

506 Etter ønskje frå parlamentet og den generelle studentrørsla, skreiv AU ved leiar våren 2021
507 ein resolusjon om studentøkonomi. Resolusjonen fokuserer på studiestønadene frå
508 lånekassen samt dagpengeordninga.

509

510 8.3 Høyringsvar

511 8.3.1 Høyring frå Kunnskapsdepartementet

512 Studentparlamentet vart i november invitert til å komme med sine innspel til forskrift om
513 endring i forskrift om utdanningsstøtte og forskrift om endring i forskrift om godkjenning for
514 utdanningsstøtte i Norge. Forskriften var basert på regjeringa sitt forslag til statsbudsjett
515 2021, Prop. 1 S (2020-2021) for Kunnskapsdepartementet (KD).

516 I dette forslaget la KD fram tre punkt til endring, desse var

- 517 • å oppheve retten til å få lån gjort om til stipend for privatister som tar fag i
518 videregående opplæring som er bestått tidlegare, det vil si en periode hvor eleven
519 hadde ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1
- 520 • å redusere antall reiser elever og studenter i utlandet får stipend til, slik at søkere får
521 35 prosent stipend til kun én tur-retur-reise, mot to i dag
- 522 • å endre beregningsmetoden for hvor lenge studenter og elever kan få lån og stipend,
523 fra antall år til antall studiepoeng, slik at det blir mulig å ta utdanning på deltid ut
524 over dagens begrensning på åtte år

525 Arbeidsutvalet tok ei avgjersle om at berre dei to siste punkta skulle få svar, dette fordi
526 første punkt handlar om privatistar i vidaregåande opplæring og ikkje studentar.
527 Studentparlamentet hadde ikkje politikk på området, men Arbeidsutvalet tok utgangspunkt i
528 at parlamentet ville stille seg bak eit nei til ein reduksjon i antal reiser med stipend og eit ja
529 til å endre beregningsmetoden.

530 Det blei utarbeida eit høyringsvar på to sider, der ein la vekt på historiske endringar i
531 reisestøtteordninga og studentane sin økonomi rundt spørsmålet om redusert antal reiser

532 med stipend. Rundt spørsmålet om endra berekningsmetode blei det lagt stor vekt på
533 fordelten ved å endre system, samtidig som ordninga burde ha tilbakeverkande kraft.

534 Den endelege høyringssvaret blei tatt opp på parlamentsmøte 1, der den blei vedtatt med
535 eit par mindre endringar. Høyringssvaret blei sendt inn til Kunnskapsdepartementet og kan
536 lesast her: [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-om-forskrift-om-endring-i-
537 forskrift-om-utdanningsstotte/id2784537/?uid=485218a2-008e-4a82-879d-71f238de2a25](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-om-forskrift-om-endring-i-forskrift-om-utdanningsstotte/id2784537/?uid=485218a2-008e-4a82-879d-71f238de2a25)

538

539 8.4 Pandemi

540 Gjennom det siste året har pandemien vore sentral i alt av arbeid, prosjekt og arrangement.
541 Smittetala i Oslo har halde seg jamt høge, med smittetoppar i november, januar og mars.
542 Dette har leia til at året har blitt nokså amputert. Innstillinga i fjor sommar var å ha så mykje
543 fysisk undervisning som mogeleg, men dette vart umogeleg då den fyrste av desse toppane
544 kom i november. Alle tilsette ved OsloMet vart då sendt til heimekontor på ubestemt tid.
545 Smitten roa seg noko mot desember, men då kom Alfavarianten (tidl. Britisk mutant). Denne
546 varianten var meir smittsam og campus stengte heilt saman med Oslo by.

547

548 8.4.1 Parlamentsmøter

549 I studieåret 2020/21 har det blitt avhaldt sju parlamentsmøter, her to fysiske. I tida rundt P5
550 og P6 i 2020 var smittetrykket i Oslo på eit å lågt nivå at ein kunne forsvarleg halde
551 parlamentsmøter fysisk. Desse vart då gjennomført i tråd med alle smittevernsføringar frå
552 FHI, Oslo Kommune og OsloMet. Alle parlamentsmedlem sat i god avstand frå kvarandre, ein
553 bruka ikkje mikrofon eller talarstol. Mat var levert av gastro catering, var individuelt
554 innpakka og lagt fram i møtelokala før medlem slapp inn. Av- og påmelding vart utvida til å
555 inkludere kontaktinformasjon dersom det skulle oppstå smitte.

556

557 8.4.2 Kontoret

558 I starten av arbeidsåret fekk AU væra på kontoret. Så gjekk me over til 50% på kontoret.
559 November fekk ein ikkje lengre høve til å væra til stades fysisk. Etter det har hovudregel vore
560 heimekontor. Det har blitt gjort enkelte unntak som t.d. under fyrste LM dette studieåret,
561 under valmøtet og skrivning av denne rapporten.

562 Å ikkje væra samla på kontoret har føra med seg utfordringar i kommunikasjon og lagbygging
563 for både AU og konsulentane. Digitale møter gjev ein ikkje den same interpersonelle verdien
564 som ein elles hadde fått. Desse manglane har blitt forsøkt kompensert for gjennom faste
565 morgonpratar onsdag, torsdag og fredag (dei dagane det ikkje er andre møter. Samt rom på
566 måndagsmøter og AU-møter for å småprate om stort og smått.

567 8.4.3 Effekt på studentar

568 Pandemien har treffe studentane hardt, noko som spesielt kom til syne i resultatane frå både
569 den ekstraordinære SHoT-undersøkinga og FHI-undersøkinga om effekt av stengt campus.
570 Meir informasjon om ekstraordinær SHoT-undersøking finst i Kap. 8.5.5.

571

572 8.5 Andre saker det siste året

573 8.5.1 Prisar

574 Studentparlamentet har i år vore jurymedlem i utdelinga av pris til årets undervisar, årets
575 student og årets studentforeining. Desse prosessane har i år gått i juni, og juryane har
576 bestått av tilsette og studentar samt SiO og eksterne representantar der naudsynt.

577 I tillegg til desse har AU slutta å dele ut prisar til Årets Tillitsvald, Årets Nykommar, Årets
578 Hjarteborn og Årets Førebilete. Det vart slutta kva prisar som skulle giast ut på AU 49/21 og
579 nominasjonar/slutting på vinnar vart diskutert på AU 50/21. Prisane vil bli dela ut av
580 påtroppande AU ved ein anledning som dei ser passande. Vinnarane vil haldast
581 konfidensielle til den tid og er difor ikkje nemna i denne rapporten.

582 8.5.2 Campus Romerike

583 Etter slutting i styret 12. mars 2020 har SP arbeida kontinuerleg med Campusprogrammet i
584 dei fora ein er representert. AU utforma, i tråd med handlingsplan, ei liste over studentane
585 sine krav til ein framtidig campus på Romerike.

586 Campusprogrammet er ei stor sak som veks kvar dag og har teke opp mykje tid det siste
587 året. Programmet er diskutert kva veke i fleire fora, blant anna i RLM, UU, FoU og
588 styringsgruppa for campusprogrammet. Gjennom året har AU bruka Campuslista i alt av vårt
589 arbeid. SP, ved leiar, har òg utforma eit høyringssvar til dette prosjektet som leverast til
590 styret ved utgangen av vår periode.

591 Det er køyrd simultanprosessar på alle fakultet og senter, og SP sitt fokus har heile tida vore
592 å sikre studentstemma i desse prosessane. Ein ser at enkelte fakultet ikkje har etterspurd
593 desse stemmene inn i sine svar, trass i at dette spesifikt er nemna i bestillinga frå
594 Campusprogrammet. Dette er sjølvstundt veldig uheldig, då studentane utgjør majoriteten av
595 folkemengda ved OsloMet. Ein har òg sett eit mangel på fokus rundt læringsmiljø, då mykje
596 av diskusjonen i felles fora har gått i sirkel rundt cellekontor.

597 I året som gjekk er det òg gjort eit forarbeid for ombygging av Studenthuset P52 til bibliotek.
598 SP ønskjer frå gammalt av ikkje å samlokalisere biblioteka i Pilestredet, eit vedtak som bør
599 takast opp igjen til hausten for å sikre best mogeleg saksgong. Prosjektet om
600 universitetsbiblioteket er i dag sett på som separat frå resten av Campusprogrammet, dette
601 meiner AU ikkje er ein haldbar måte å arbeide på. Samlokalisering av UB vil sette i gong fleire
602 store flyttestrekk rundt på campus, og vil bere med seg ein betydeleg kostnad for
603 universitetet. Det er AU si meining at alle prosjekt som omhandlar endring i bygningsmassa

604 må sjåast i samanheng med kvarandre for å sikre best mogeleg saksgang, transparens og
605 forståing.

606 8.5.3 Juks

607 Det siste året har det komme opp fleire sakar om juks ved eksamen på OsloMet. Mest
608 alarmerande av desse var ein rapport frå nasjonal klagenemnd i 2020, som syna ei markant
609 auking i tilfelle av juks nasjonalt. Då denne saka braut la SP seg på ei linje om at aukinga må
610 sjåast i lys av korleis det siste semesteret har verka inn på læringsutbyttet til studentane. SP
611 har lenge hatt politikk på at ein ønskjer seg vekk ifrå rent summative eksamensformar, noko
612 ein her òg påpeika.

613 Dette sat i gong eit samarbeid mellom FPA og kollegiet for meritterte undervisarar ved
614 OsloMet, der ein forsøka å komme til rota på problemet. Grappa kom med ein anbefaling
615 om å heller bevege seg vekk frå den tradisjonelle skuleeksamensforma, for å heller satse på
616 det ein kallar juksesikre eksamenar. I denne samanhengen vil det seie eksamenar der
617 studenten er nøydd til å reflektere, drøfte og diskutere, der svaret på oppgåva ikkje står
618 direkte skriven i ei bok.

619 I løpet av året har det komme inn fleire førespurnadar til parlamentet om juks frå studentar.
620 Størst av desse var ein masterklasse der 50% av kandidatane vart merka for juks. Denne saka
621 fekk stor merksemd i nasjonale media og ved OsloMet. Saka vart behandla på sentralt nivå
622 av AU, og vart overlevera til dei lokale organ som saka angjekk.

623 8.5.4 Kamerabruk i undervisning

624 Spørsmålet om ein institusjon eller undervisar har reitt til å krevje at studentar har på
625 kamera i digital undervisning har vore heitt det siste året. Problemstillinga kom etter fleire
626 studentar gjekk til nasjonale media for å uttrykke misnøye med å få fråvær i obligatorisk
627 undervisning når dei ikkje har på kamera. Kamerabruk har blitt arbeida med jamt gjennom
628 året av FPA, og har blitt bringe opp i alle relevante organ.

629 Dette er eit komplisert rettsleg spørsmål, og parlamentet har ingen vedteken politikk på
630 denne problematikken. AU har difor lagt seg på ei meir undersøkjande linje, der ein har sett
631 eter kompromiss. AU anerkjenner at det kan være fleire grunnar til å ikkje ønskje å ha på
632 kamera i undervisninga, og har oppmoda universitetet til å finne alternative løysingar for å
633 kontrollere oppmøte.

634

635 8.5.5 Ekstraordinær SHoT-undersøkelse

636 Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT) er ei nasjonal studentundersøking
637 gjennomført kvart 4. år sidan 2010 av studentsamskipnadane i Oslo og Akershus, Trondheim
638 og Vestlandet (SiO, SiT, Sammen) og Folkehelseinstituttet (FHI). SHoT kartlegg blant anna
639 studentars psykiske og fysiske helse, økonomisk stabilitet, læringsutbytte, opplevd kvalitet i
640 utdanning og rusvanar. Nytt for undersøkinga i år var spørsmål om covid-19, då om smitte og
641 vaksinasjon.

642 Våren 2021 vart det slutta at det skulle sendast ut ei ekstraordinær SHoT-undersøking i
643 anledning pandemien. Denne undersøkinga var i stor grad resultat av press frå studentrørsla,
644 her spesielt på pandemiens effekt på studentars psykiske helse og økonomiske situasjon.
645 Undersøkinga henta inn svar frå alle norske heiltidsstudentar i perioden 1. mars-5. april
646 2021. 62498 studentar ved institusjonar i og utanfor Noreg svarta på undersøkinga, av desse
647 var 14641 knyta til SiO. Rapporten på undersøkinga vart lagt fram på SHoT-konferansen 26.
648 april 2021.

649 Hovudfunn frå undersøkinga var ei markant auking i studentar som opplev problem med
650 fysisk og psykisk helse. Her er spesielt søvnmangling, ryggplager, einsemd og depresjon sitert
651 som gjengåande. På undervisningsfronten ser ein dystre tal; 7 av 10 opplev det digitale
652 undervisningstilbodet som dårlegare eller mykje dårlegare enn tradisjonell undervisning og 8
653 av 10 saknar kontakt med medstudentar.

654 Fleire av tala i undersøkinga er svært dystre, men ikkje overraskande i konteksten dei må
655 sjåast i. Alvorlege psykiske plagar (tankar om sjølvmed, sjølvskading og forsøk på desse) har
656 haldt seg i jamn stigning sidan undersøkinga fyrst var gjennomført i 2010. Konklusjonen frå
657 leiar av undersøkinga er å vente til restriksjonane rundt pandemien er over, og at ein då vil
658 sjå betring. Dette er ein strategi AU og studentrørsla generelt ikkje er einige med. Noko av
659 det som kjem fram i rapporten kan direkte skuldast på pandemien og restriksjonane rundt,
660 men slikt har langvarige konsekvensar som ikkje kan akseptast.

661 Dette er ein rapport som må følgjast opp med universitetet jamleg i året som kjem, spesielt
662 med tanke på den kommande ordinære SHoT-undersøkinga som kjem våren 2022. Her er eit
663 reelt høve til å måle effekt av overgangen tilbake til normalsituasjon og tiltaka som er gjort
664 for å få studentane til ein betre plass.

665

666 9.0 Samarbeid

667 9.1 VT

668 9.1.1 Delegasjonsmøter i Velferdstinget

669 Leiaransvar for OsloMet-fraksjonen i Velferdstinget er ei av dei viktigaste arbeidsoppgåvene
670 til Læringsmiljøansvarlig. Ansvaret vart delegert til nestleiar etter LMA gjekk ut i permisjon.

671 Før alle VT-møter treffast fraksjonsleiarar og samarbeidsansvarleg i VT for gjennomgang av
672 sakspapir og oppklårande spørsmål. Det har sjeldan vore mange spørsmål til sakspapira, men
673 kjem ofte nyttig informasjon. Det oppmodast til å halde fram med å delta på desse møta.
674 Det bør prøvast ut å ha formøte med fraksjonen i forkant av fraksjonsleiararmøta for å samle
675 inn spørsmål frå fraksjonen.

676 Gjennom året har gjeldande fraksjonsleiar vore tilgjengeleg for eigne formøte med
677 fraksjonen, men det har vore lite engasjement og deltaking her. Dette er likevel noko som

678 må haldast fram med i den kommande perioden då utviklinga det siste året gjerne ikkje er
679 representativ for ein breiare trend.

680 Val og supplering til Velferdstinget

681 OsloMet-delegasjonen blei supplert på AU-møte 24/20 og ettergodkjent av parlamentet på
682 P5. Val til OsloMet-delegasjonen for året 2021 blei gjennomført på P6 i oktober 2020.

683

684 9.1.2 Studenthovudstaden

685 Studenthovudstaden er Oslo kommunes samarbeidsplattform med studentane i tillegg til å
686 væra arena for samarbeid mellom medlemsinstitusjonar. SH har i år vore leia av VT-leiar
687 Idun Kløvstad og har medlem frå SP-UiO, BISO, Studentunionen HK, Studentrådet PHS, Det
688 Norske Studentersamfund, Kjellerpubnettverket på UiO, Studentidrettsrådet, SiO og VT. Dei
689 mindre institusjonane i regionen har to representantar på rullering, i 2020 var desse
690 Steinerhøyskolen og VTs Henriette Seim, i 2020 rullerte Bjørknes Høyskole inn i Seims plass.
691 Konsulatet ved OsloMet var i 2020 representert gjennom sitt leiar Alexander Rambech, men
692 studentlivskoordinator Beate Thandiwe Dessington tok over i 2021 då konsulatet stod utan
693 leiar. SP OsloMet har fast representasjon som 2. største institusjon i regionen, og er
694 representert ved SP-leiar.

695 SH har i studieåret 2020/21 hatt 9 møter, her 4 på hausten og 5 på våren. I 2020 var
696 møteplassar og studenttilværelsen sentrale sakar som kom opp i fleire møter. I 2021 var
697 krisepakke, studentars psykiske helse og gjenopning sentralt. I tillegg til ordinære møter har
698 SH hatt to møter med byrådet i Oslo, fyrst i oktober med helsebyråd Robert Steen om effekt
699 av pandemien på studentar, så i mai med Næringsbyråd Victoria Marie Evensen om betring
700 av Oslo som studentby.

701 Studenthovudstaden har gjennomgått store strukturelle endringar det siste året. Som
702 resultat av dette har SH hatt litt voksesmerter og streva med å komme seg på beina. SP ser
703 potensialet og viktigheita av samarbeidet i SH, men det er behov for meir kollektiv innsats
704 frå alle institusjonane.

705

706 9.2 NSO

707 Norsk studentorganisasjon er paraplyorganisasjonen for dei fleste studentdemokrati i Noreg.
708 NSO har medlemslag over heile landet, der SP OsloMet er blant dei største. NSOs arbeid er
709 overordna og nasjonalt.

710

711 9.2.1 Generelt

712 Det siste året har Fag- og forskingspolitisk ansvarleg, Annbjørg Pasteur Stø vore ansvarleg for
713 kontakt med vårt medlemslag. Samarbeidet mellom NSO og SP har som resultat av dette

714 kjenst trygt. Annbjørg har gjort seg tilgjengeleg for spørsmål og innspel gjennom fleire
715 kanalar. Utifrå tidlegare årsrapportar kan ein synse at kontakten har vore noko dårlegare
716 enn tidlegare år, noko som gjev meining i situasjonen. Likevel har Stø vore imøtekommande
717 og tilgjengeleg ved behov.

718 Leiar har hatt fleire møter med kontaktperson gjennom det siste året, eit fast
719 oppfølgingsmøte ved semesterstart og elles ved behov. Stø har gjennom året teke sakar frå
720 SP inklusiv tilgang for studentar til Nasjonalbibliotekets digitale arkiv og innspel på
721 studentpakka.

722 9.2.2 Landsmøter

723 I studieåret 20/21 har NSO haldt 2 landsmøter, begge digitale. Fyrste landsmøte kom som
724 suppleringsmøte til det ekstraordinære LM våren 2020, som vart avgrensa til berre val grunna
725 pandemien. Oktober 2020 kjende NSO seg klare til å halde eit supplerande LM med sakane
726 som i følgje vedtektene måtte opp på LM i løpet av året. Delegasjonen til LM2020 var den
727 same som vald under P1-20, med få suppleringsmøter.

728 LM godkjenna her organisasjonens årsrapport for 2019, rekneskap for 2019, rammebudsjett
729 for 2021, val gjennomført på SST5 1920. LM valde òg vararepresentantar til SST og vedtok
730 handlingsplan for 2020/2021

731 Våren 2021 haldt NSO sitt fyrste heildigitale komplette LM, delegasjonen vart vald under
732 fyrste parlamentsmøte i 2021. Delegasjonsleiaransvaret vart gitt til leiar. Verd å merke er at
733 AU fekk med ein følgjefeil frå sist års delegasjonsleiarval, denne posisjonen skal veljast av
734 parlamentet separat før resten av delegasjonen veljast, delegasjonsleiar må etter det få
735 delegatplass av parlamentet. Før LM hadde delegasjonen formøter der ein gjekk gjennom
736 sakspapir, kva det betyr å væra delegat på eit LM og korleis LM ville gå føre seg. Ein hadde
737 òg intervju med kandidatar til leiar og nestleiar i forkant av LM.

738 Landsmøtet reviderte i år NSOs vedtekter, forskingspolitisk plattform og politisk plattform
739 om organisering av UH-sektoren. LM vedtok òg ny handlingsplan og etiske retningslinjer for
740 organisasjonen. I tillegg vart tre resolusjonar, her om studentar og rus, studentar med born
741 og sanitetsprodukt vedteke.

742 Frå OsloMet var det 2 kandidatar til AU, her vart Vilde Veronica Haukeland vald til fag- og
743 læringsmiljøpolitisk ansvarleg. Studentar og alumni frå OsloMet vart òg vald inn i
744 sentralstyret (Thomas Finnøy Trouiller og Ola Gimse Estenstad), valkomiteen (Marius
745 Toresen) og Læringsmiljøpolitisk komité (Rolf Martin Aspenes og Mikkel Sibe).

746

747 9.2.3 Leiarsamlingar

748 Grunna pandemien vart det berre haldt ei ordinær leiarsamling gjennom året. Denne fant
749 stad på Gardermoen i september. Her var internasjonalisering, då storingsmelding om
750 internasjonalisering i utdanning sentrale tema.

751 For å kompensere for mangelen på leiarsamlingar har NSO-AU invitert til fleire digitale
752 lokallagsmøter gjennom året. Desse møta har som regel vore korte og omhandla berre ein
753 sak. Dei har ofte hendt i samband med NSO sine møter med KD, UHR og andre relevante.
754 Dette er ei praksis AU er store tilhengarar av, det gjev lokallaga høve til å komme med
755 innspel til nasjonale avgjersler der ein elles ikkje blir invitert inn.

756

757 9.3 RLM og Rektors leiargruppe

758 AU har hatt jamlege møter med leiinga gjennom året. Dette er AU sin arena for klår
759 kommunikasjon med leiinga, her rektor, prorektor og utdanningsdirektør. Møta har som
760 regel henda annakvar måndag, og ein har her teke opp aktuelle sakar frå studentane.

761

762 10.0 Studentdemokrati

763 Oppfølging og vidareutvikling av studentdemokratiet er nestleiar hovudoppgåve. I år har
764 studentdemokratiet vore sterkt prega av pandemien, noko som har dempa engasjementet
765 og gjort rekruttering vanskeleg på lågare nivå i stigen.

766

767 10.1 Klassetillitsvalde

768 I starten av august fekk seksjonsleiarar og instituttleiarar tilsendt informasjon om val av
769 klassetillitsvalde. Denne informasjonen skulle vidareformidlast til emneansvarlege. I
770 studieåret 20/21 har totalt 600 personar registrert seg som tillitsvalde eller vara ved
771 OsloMet.

772 Det har blitt arbeida for å få på plass eit sentralt registreringssystem for dei tillitsvalde, ei sak
773 nestleiar tok over frå sin forgjengar i AU. Prosessen rundt dette systemet har vore eit
774 samarbeid mellom studentlivs koordinator, organisasjonskonsulent, nestleiar og seksjon for
775 analyse og kvalitetsutvikling, det vart her lagt ein plan for kva systemet må innehalde. Etter
776 kartlegginga vart saka bringe vidare til IT-avdelinga, der saka vart lagt på is. Det er venta at
777 systemet kjem på plass så snart den nye sentrale tenesteplattformen er klar.

778 Nestleiar har i løpet av året sendt ut ei rekke e-postar til dei tillitsvalde med informasjon om
779 tilboda som eksisterer ved OsloMet. I tillegg har det blitt informert om
780 Studentparlamentsvalet og valet i Studentparlamentet

781

782 10.2 Studentråd

783 Det opplevast at det har vore lite aktivitet i studentråda det siste året. Likevel har det mot
784 slutten av perioden vore eit styre i dei fleste råda. Det er pr. I dag berre dei tillitsvalde ved
785 YLU som ikkje har eit studentråd å delta i. Studentrådet ØAS vart tidleg i perioden splitta opp i

786 ØAS og SF, eit prosjekt som har følgd fleire nestleiarar og SFR ved SAM. Nestleiar har stått
787 ved SFR-HV i arrangeringa av årsmøte for SR-Fysio og NVH. Etter splittinga av SHA til SHAP og
788 HVK å følgje med på om denne ordninga fungerer for dei tillitsvalde og institutta.

789 Nestleiar stod for planlegginga av ein digital opplæringskveld for studentråda i februar. Her
790 var det 30 påmeldte deltakarar.

791 Det har i år vore eit stort initiativ frå nestleiar om å sikre kontinuitet i overgangen mellom
792 studentrådsstyrer. Dette er løyst gjennom felles e-postadresser. Saman med IT-avdeling har
793 nestleiar utarbeida eit dokument som skisserer korleis desse skal overførast frå styre til
794 styre.

795

796 10.3 Studentenes fakultetsråd

797 Nestleiar hadde tidleg i perioden eit samarbeidsmøte med styra av kvart Studentenes
798 fakultetsråd. Desse samarbeidsmøta saman med halvtårsmøter i starten å vårsemesteret, la
799 grunnlag for godt samarbeid gjennom perioden. SFR og nestleiar har arbeida saman som
800 innhaldet på Tillitsvaldskonferansane og arrangert felles opplæringskveld for
801 studentrådsstyra. Grunna lokale smittevernsrestriksjonar i perioden rundt
802 Studentparlamentsvalet vart ikkje SFR invitert til å bidra på same måte som tidlegare år.

803 SFR og nestleiar møtast månadleg i leiarforum, der SFR orienterer om sitt arbeid og
804 diskuterer sakar som gjeld alle fakulteta. Det har i denne perioden blitt haldt ti møter i
805 leiarforum. I all hovudsak har dei politiske sakane i leiarforum handla om den pågåande
806 koronasituasjonen samt Campusprogrammet.

807

808 10.4 Studentparlamentet

809 Studentparlamentet har i studieåret 2020/2021 behandla 46 sakar (19 haust og 27 vår)
810 fordelt på 7 møter. Grunna smittetrykket i Oslo gjennom heile studieåret vart siste møte på
811 haustsemesteret og alle møter i vårsemesteret lagt til digitale flater. P5/20 og P6/20 vart
812 haldt med alle moglege smittevernstiltak i P42. Oversikt over sakar behandla av
813 parlamentet i perioden samt parlamentsmedlem i periodane 2020 og 2021 finst lagt ved.

814 Utanom faste møter har AU arrangert to seminar, der nestleiar hadde hovudansvar. Ein
815 haldt òg på oppmoding frå parlamentet forslagsskrivingskurs i regi av LMA. Vidare har ein
816 hatt diverse digitale og smittevernsvenlege sosiale samlingar, her juleavslutning utanfor P52,
817 digital sommarfest m.fl. Desse står nærare beskrivne i kapittel 5.

818

819 10.5 Val

820 10.5.1 Studentparlamentsval

821 Studentparlamentsvalet blei delt opp i to peridoer, den første der kandidatane kunne stilla
822 til val og den andre der alle studentar ved OsloMet hadde moglegheit til å stemme. Trass
823 den pågåande pandemien, blei det gjennomført stands rundt på campus alle dagar i “still”-
824 perioden. I tillegg til dette blei valet promotert gjennom e-post, banner, bordreklame,
825 infoskjermar og sosiale media. 67 personar stilte til val, der 53/54 plassar blei fylt opp.

826 Det blei avhaldt eit informasjonsmøte for alle kandidatar som stilte i veka mellom “still” og
827 “stem”. Grunna restriksjonar under “stem”-perioden blei all fremming av valet gjort digitalt.
828 Dette inkluderer e-post, bruk av sosiale medier og tilbod til alle kandidatar om eit
829 promoteringsbilete. Gjennom heile valperioden fekk kandidatane moglegheit til å dele
830 spørsmål og få informasjon i facebookgruppa “vi stiller til val”. Alle kandidatar blei invitert til
831 valvake, der resultatet frå valet blei presentert. Oppslutninga var på 9,68%.

832 10.5.2 Valmøte

833 Det blei gjennomført eit digitalt valmøte laurdag 8. mai. Grunna restriksjonar blei dette
834 møtet holdt digitalt. OpaVote blei nuytta i dei høva der det var fleire kandidatar enn plassar.
835 Valmøtet blei promotert på sosiale medier, gjennom innlegg og digital dassavis. Dei fleste
836 faste plassar blei fylt opp under valmøtet, men det kom kritikk på at få folk stilte til mange
837 verv. Dette er ikkje kritikk til de som blei valt, men ei oppfordring om at fleire burde stille seg
838 disponible til val. Der det ikkje blei valt representantar, har det påtroppande arbeidstuvalet
839 suppleringsfullmakt, utenom den siste plassen i Kontrollkomiteen.

840 11.0 Møter

841 11.2 Eksterne møter

842 11.2.1 Samarbeid med US-representantar

843 Gjennom perioden har AU ved leiar og nestleiar kalla inn til formøte med
844 studentmedlemmane i Universitetsstyret før kvart styremøte. I desse møta har ein gått over
845 sakspapira og gjeve innspel til styremedlemmane med utgangspunkt i parlamentets politikk.
846 Styremedlemmane er ikkje bunden til den, men har for det meste lagt seg på linje med
847 parlamentet på dei fleste sakar gjennom året. D

848 Det er AU si meining at formøter med styremedlem er ein praksis som bør haldast fram med
849 vidare. I tråd med stillingsbeskrivingane er det berre leiar som skal delta i desse frå AU, men
850 det har vore ein fordel å væra to til stades. Det kan tenkjast at andre AU-medlem kan
851 inviterast der dette er relevant.

852

853 11.2.2 Utdanningsutvalet (UU)

854 Utdanningsutvalet er eit sentralt organ som behandlar sakar som omhandlar OsloMets
855 utdanningsverksemd og strategisk utvikling av den. UU har det siste året haldt 9 møter (4
856 haust og 5 vår). Her har sentrale sakar vore utarbeiding av rapport på digitalisering og Covid-
857 19, etablering av signaturemner om berekraft, urbanisering og mangfald samt
858 kvalitetsrapporten på OsloMets leveranse i studieåret 19/20

859

860 11.2.3 Fag og utviklingsutvalet (FoU)

861 FoU-utvalet skal medverke til å utvikle OsloMet sin FoU (forskning og utvikling) og
862 innovasjonsarbeid. Det skal bidra til at OsloMet har ein heilskapleg FoU- og
863 innovasjonsstrategi og ein samfunnsnyttig portefølje av forskingsmiljø som har høg kvalitet
864 og som reflekterer OsloMet sin faglege profil og eigenart. FoU-utvalet har haldt 9 møter det
865 siste året (4 haust og 5 vår). Sentrale sakar i FoU-utvalet det siste året har vore følgjeforskning
866 på Den Gode Studentopplevelsen (DGS), utvikling av PhD-program i berekraft, behandling av
867 budsjett samt forskingstid.

868

869 11.2.4 Senter for Velferd- og arbeidslivsforskning (SVA)

870 Senter for velferd- og arbeidslivsforskning er eit forskingsinstitutt ved OsloMet, Senterstyret
871 er øverste styringsorgan for senteret. Styret har haldt jamnlege møter i løpt av året.
872 Budsjett, rekneskap, strategiar, ansettingar og rapportar har vore sentrale tema her.

873

874 11.2.5 Læringsmiljøutvalet (LMU)

875 LMU er eit rådgjevande organ ved OsloMet som bistår universitetsleiinga om førehald som
876 har med studentanes læringsmiljø å gjere. LMU har hatt 3 møter på haustsemesteret og 3
877 møter på vårsemesteret. Lærdomar frå pandemien, DGS og Studentpakken er nokre av tema
878 som har vore oppe i LMU denne perioden.

879

880 11.2.6 Bærekraftsrådet

881 Bærekraftsrådet er ei vidareutvikling av det no avvikla Bærekraft 21. BK-21 var ei
882 styringsgruppe som vart etablert for å utarbeide ein handlingsplan for berekraft. Det vart
883 etter enda verketid ved utgang 2020, bestemt at OsloMet skulle ha eit bærekraftsråd hvis
884 mandat var å rådgje rektor og rektors leiargruppe bærekraftsproblematikk.

885 Bærekraftsrådet manglar i dag inngang i fleire viktige fora, noko som hindrar rådet frå å
886 utfylle mandatet sitt.

887 Desse er utvikla som separate prosjekt og har eigne arbeidsgrupper. AU har vore
888 representert i alle arbeidsgruppene, her som representantar for studentstemma.

889

890 11.2.7 Berekraftig komité (BK)

891 Bærekraftig Komité (BK) er SPs eigen arbeidsgruppe med fokus på berekraft. Grappa er satt
892 saman av fire medlem frå studentane og ein leiar frå AU. Komiteen har gjennom studieåret
893 arbeida jamnt med å gje innspel til OsloMets berekraftsstrategi og SPs eige arbeid på
894 området. Berekraftig komité har hatt 5 møter i løpet av vårsemesteret 2021.

895

896 11.2.8 Grønt OsloMet

897 Grønt OsloMet har hatt 2 møter på haustsemesteret og 2 møter på vårsemesteret.
898 Byttebod, tiltakskonkurranse i regi av Bærekraftig komité, klimagassrekneskapet 2019,
899 innkjøpsstrategi og reisepolicy har vore tema denne perioden. Vi har også fått bier på taket i
900 p52.

901

902 11.2.9 Signaturemner

903 Signaturemner er ei ny satsing ved OsloMet, satt i gong av prorektor for utdanning, Nina
904 Waaler og utdanningsavdelinga. Emna skal vera små og ha som mål å gje studentar
905 grunnleggjande kompetanse på sentrale tematikkar i samfunnsutviklinga. Det vart i
906 studieåret 20/21 vedteke at dei tre satsingsområda skulle vera berekraft, mangfald og
907 urbanisme.

908

909 11.2.10 Møter med kunnskapsdepartementet

910 Gjennom året har AU blitt invitert inn i fleire møter med Kunnskapsdepartementet, UHR og
911 andre nasjonale organ som arbeidar med utdanning. Møta har teke opp problematikk rundt
912 stengte campus, krisepakke, digital undervisning og meir generelle aktuelle områder. SP har
913 òg blitt beden om å gje innspel til langtidsplan for forskning og høgare utdanning samt
914 forskrift om endring i forskrift om utdanningsstøtte og forskrift om endring i forskrift om
915 godkjenning for utdanningsstøtte i Norge.

916 AU opplev desse møta som viktige, men stort sett symbolske. Møta har for det meste vore
917 korte, med lite rom for å gje innspel og diskutere den aktuelle sakslista. Det er lite belegg for
918 å seie at innspela frå møta er brukt til å utvikle politikken til KD, eller satt i gang prosessar
919 nasjonalt.

920 Statsråd for forskning og høgare utdanning, Henrik Asheim var på besøk til OsloMet-
921 studentane i starten av vårsemesteret for å snakke om mentorprogrammet på
922 sjukepleiarutdanninga. Dette oppleva me som eit meir konstruktivt møte, då det var få
923 deltakarar og meir rom for å komme med innspel.

924

925 [11.3 Interne møter](#)

926 [11.3.1 AU-møter](#)

927 AU-møter er vekentlege interne møter der AU og konsulentar diskuterer pågåande arbeid og
928 gjer mindre vedtak. Her rullerer ein på ordstyraransvar, medan organisasjonskonsulent
929 (Jannicke Døvre og Ingrid-Elisabeth Ringstad) er fast referent. Gjennom året har AU diskutert
930 106 sakar (56 haust og 50 vår).

931

932 [11.3.2 Måndagsmøter og morgonprat](#)

933 Måndagsmøter fungerer som ein kickstart på veka, der ein går over kva alle har i kalenderen
934 den kommande veka, og småpratlar over ein kaffikopp. Desse møta er av ganske uformell
935 natur.

936 Morgonprat er eit nytt konsept for AU, og vart starta på slutten av haustsemesteret. Desse
937 «møta» er høgst uformelle og er her for å passe på at alle kjem seg i gang med dagen.

938 Morgonpratane er tenkt som tiltak for å erstatte den uformelle praten på starten av
939 arbeidsdagen når ein ikkje får den på heimekontoret. Dette er ein praksis som absolutt bør
940 haldast fram med til ein får væra fult på kontoret igjen.

941

942 [12.0 Rapport på handlingsplan 2020/2021](#)

943 Handlingsplanen er SP og AUs sjekklister for året. Dokumentet regulerer kva AU skal dagleg
944 arbeide med gjennom året utover ordinære arbeidsoppgåver. Handlingsplanen vart
945 vedteken på fyrste ordinære møte i haustsemesteret og revidert under andre ordinære
946 møte på vårsemesteret. Vedlagt er ei statusoppdatering på alle handlingsplanens punkt med
947 kommentarar. Her er dei dela i fire kategoriar:

948 **Kontinuerleg** – Arbeidet med punktet krev kontinuerleg arbeid og kan difor ikkje sjåast på
949 som starta eller ferdig.

950 **Ferdig** – Arbeidsutvalet ser seg ferdig med arbeidet rundt dette punktet.

951 **Starta** – Arbeidsutvalet har starta på arbeidet, men har ikkje fullført før utgangen av sin
952 periode.

953 **Ikkje starta** – Arbeidsutvalet har ikkje arbeida med dette punktet då ein ikkje har hatt
954 tilstrekkeleg med ressursar til å prioritere alt.

955 **Avbrote** – Grunna diverse utviklingar har ikkje AU fått anledning til å arbeide med dette
956 punktet

957 **Kapittel 1: Studentdemokratiet**

958 **1.1 Informasjonsflyt**

959 Studentparlamentet skal:

960 **a.** Sørgja for god kommunikasjonsflyt mellom ledda i studentdemokratiet

961 **Status:** Kontinuerleg

962 **Kommentar:** Gjennom Facebook-grupper, mail-tråden, fellesmail, Teams-grupper, fysiske og
963 digitale Dassaviser, sosiale media, møteplassar, faste møter, nettstaden og media har
964 Studentparlamentet oppreithaldt god kommunikasjonsflyt mellom alle ledd i eit
965 utfordrande år.

966 SP har òg gjennomarbeida retningslinjer for e-postar til Studentråd og Studentenes
967 Fakultetsråd, her har desse organa fått eigne e-post-adresser som skal sikre kontinuitet
968 gjennom å gje tillitsvalde eit arkiv å forholde seg til når ein byter styre.

969

970 **b.** Ha ei oppdatert nettside med tilgjengeleg informasjon om tillitsvaldsrolla
971 og studentdemokratiet på norsk og engelsk.

972 **Status:** Kontinuerleg

973 **Kommentar:** Då punktet i sin natur er pågåande, vurderer AU dette som kontinuerleg
974 arbeid. AU har i år arbeida mykje med å sikre at alle dokument og informasjon som finst på
975 nettstaden er oppdatert, tilgjengeleg på fleire språk og universelt utforma. Dette er likevel
976 eit arbeid som må følge med alle framtidige AU.

977 Det meste som i dag ligg på nettsida vår er omsett til engelsk og ligg klar til publisering. Det
978 er samstundes ein del som står igjen.

979

980 **c.** Utforska meir oversiktlege måtar å formatera sakspapir på, og utforska ulike måtar å
981 visa endringsforslag på under parlamentsmøter.

982 **Status:** Starta

983 **Kommentar:** Etter førespurnad frå Parlamentet har AU og konsulentar dei siste par
984 månadane forsøkt å finne fram til nye og betre måtar å syne sakspapir og endringsforslag på.
985 SP har ikkje uttrykka at dei er heilt nøgde med nokre av alternativa som har blitt presentert
986 for dei enno. Dette vil difor være aktuelt for neste AU å arbeide vidare med.

987

988 **d.** Vera til stades på Kjeller minst ein gong i veka.

989 **Status:** Avbrote

990 **Kommentar:** To AU-medlem var til stades på Kjeller kvar torsdag til me ikkje fekk væra på
991 kontoret lengre. Ein hadde sjølv sagt haldt fram med dette om det ikkje var for pandemien.
992 Vara fram til 5. november, då nye smittevernshensyn måtte takast. AU har berre arbeida frå
993 heimekontor etter det utanom særskilde situasjonar.

994

995 1.2 Tillitsvalde

996 Studentparlamentet skal:

997 **a.** Vurdera forslag og tiltak for å sikra studentane si medverkingsrett i
998 kvalitetssikringsdokument ved OsloMet.

999 **Status:** Starta

1000 **Kommentar:** Ein har gjennom året arbeida kontinuerleg med dette punktet. OsloMet held på
1001 å utvikle eit Evaluation kit som AU ved FPA har vore tungt involvert i. Ein har òg arbeida med
1002 punktet gjennom spesifikke tilfelle meldt inn av studentar.

1003

1004 **b.** Arbeida for eit sentralt registreringssystem for tillitsvalde ved institusjonen.

1005 **Status:** Starta

1006 **Kommentar:** Dette punktet har vore på handlingsplanen lenge. I år har ein kartlagt kva eit
1007 slikt system må innehalde og har henta inspirasjon til utforming frå UiA, men systemet kjem
1008 ikkje på plass før ny sentral tenesteplattform er på plass.

1009

1010 **c.** Arbeida for auka deltaking ved val og engasjement i studentfriviljugskapa.

1011 **Status:** Ferdig/Kontinuerleg

1012 **Kommentar:** Ved SP-valet 2020 låg me på linje med 2018 i stemmetal. Kandidattal var òg
1013 høgt. Ein kan håpe denne oppgangen held seg fast til vidare år, men det er eit punkt som må
1014 arbeidast med ved kvart val.

1015

1016 **d.** Gje nye tillitsvalde tilstrekkeleg opplæring, kursing ved behov og rettleiing om
1017 nødvendig.

1018 **Status:** Ferdig/Kontinuerleg

1019 **Kommentar:** SP var medverkande i planlegging og gjennomføring av fire
1020 tillitsvaldkonferansar, ein opplæringskveld for studentrådsstyra samt jamleg dialog med
1021 studentråd og SFR. Ingen har melda ønskje om kursing og rettleiing utanom det nemna i
1022 løpet av året. Nestleiar har likevel gjort seg tilgjengeleg for slike førespurnadar.

1023

1024 e. Arbeida for at tilsette gjer emneevalueringar frå tidlegare emnar tilgjengelege for
1025 tillitsvalde.

1026 **Status:** Kontinuerleg

1027 **Kommentar:** Ila året har ikkje AU fått studenthenvendingar angående dette, det har difor
1028 vore vanskeleg å arbeide med dette punktet konkret. AU har likevel teke opp
1029 problematikken i faste møter med aktuelle personar og organ. AU vurderer dette som eit
1030 kontinuerleg arbeid, som bør følgast opp kvart år. Veit at praksis er ulik mellom emne,
1031 program, institutt. Studentar har ei reitt på tilgong, eit forslag har vore automatisk på
1032 Canvas.

1033

1034 1.3 Tilsette

1035 Studentparlamentet skal:

1036 a. Arbeida for ei kvalitetsheving av tillitsvaldssystemet, med fokus på kompetanseheving
1037 blant tilsette om samansetjing, funksjon og ansvar.

1038 **Status:** Kontinuerleg

1039 **Kommentar:** Det er blitt utarbeida eit dokument som skisserer ansvarsfordelinga rundt val
1040 og oppfølging av tillitsvalde. Dokumentet fastset at ansvaret for gjennomføring av val ligg hjå
1041 emneansvarleg. Dokumentet manglar sanksjonering frå prorektor, noko som er venta at skal
1042 hende i løpet av sommaren.

1043

1044 Kapittel 2: Berekraft

1045 2.1 Synlegheit

1046 Studentparlamentet skal:

1047 a. Sørgja for at grønt OsloMet får auka merksemd og større innverknad i miljøspørsmål som
1048 førekjem på universitetet.

1049 **Status:** Ferdig

1050 **Kommentar:** KGrønt OsloMet har fått plass gjennom arrangement som Berekraftsveka, i
